

Merknad frå fagavdeling plan:

Det er søkt om dispensasjon frå LNF føremålet for bruksendring av fritidsbustad til heilårsbustad på eigedomen 188/14. Søknaden er grunngjeve.

Arealet ligg innanfor kommunedelplan for Knarvik – Alversund. Planen gjeld for perioden 2007 – 2019. Det vert lagt opp til att arbeidet med revisjon av denne planen startar opp i siste del av 2014. I føresegne 2.9 er det gjort nærare greie for kva tiltak som er i samsvar med plan. Jorddlova og skoglova gjeld framleis for dette område. Arealet ligg også innanfor "LNF-område med særskilde kulturlandskapinteresser.

Den aktuelle eigedomen ligg attmed to eigedomar som er nytta til bustader. Samstundes ligg det i nærområdet 5-6 andre fritidseigeomar i varierende stand. Sjølv om det isolert for bnr 14 er framført argument som talar for omdisponering, er det etter fagavdeling arealplan sitt syn fare for at eit omdisponeringsløyve vil kunne skapa presedens for naboeigedomane. Ei viktig avklaring som skal gjerast i revisjon av kommunedelplanen er å fastsetja framtidig grense mellom utbyggingsareal og grøntareal. Likeeins vil planarbeidet avklar kva slags arealbruk det skal opnast for dersom grensa for utbygging vert flytta nærare Gjervik. Sett i lys av dette bør ein vera restriktiv med å tillata dispensasjonar/ omdisponeringar som kan skapa presedens og ein ikkje planlagt arealbruk for området.

Arnold Matre
Plan- og utviklingssjef